

Til:

Kommune, fylke, og stat, aktuelle grunnleigerar og naboar

Plan ID: 20130002

Arkivsak ID: 2045

Ulsteinvik, 04.06.2024

## Varsel om planendring – «Skuleområdet Ulsteinvik sentrum, Kyrkjegata – Legane» - Fagertun

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-14 blir det varsla endring av reguleringsplan «Skuleområdet Ulsteinvik sentrum, Kyrkjegata - Legane», planID 20130002. Området er ca. 7,7 daa og avgrensa som vist i kart nedanfor.



Forslagsstillar er FAGERTUN AS v/ Ingerid Ulstein, tlf: +47 959 75 028, e-post: [ingerid.ulstein@ulsmo.no](mailto:ingerid.ulstein@ulsmo.no)

Planområdet ligg mellom Gjerdegata og Bakkegata i Ulsteinvik sentrum. Føremålet er planendring innanfor gjeldande plan «Skuleområdet Ulsteinvik sentrum, Kyrkjegata- Legane», for å gje planrammer for etablering av tre leilegheitsbygg på gnr. 7, bnr. 830/831 mfl.

Planområdet følger føremåls grensene i gjeldande plan, og omfattar det som er regulert til konsentrert bustad BKS\_2, leikeplass f\_BLK1 og f\_BLK4, turdrag GT og tilgrensande veg- og fortausareal.

Det planleggast etablering av tre leilegheitsbygg innanfor området mot Gjerdevegen. Kvar bustadeining har 18 leilegheit i ulike størrelse, til saman 54 leilegheit. Kvar eining har to etasjar sokkel som ligg i terrenget i bakkant med tre etasjar over dette. Det er grønne uteareal mellom leilegheitsbygga. Mot Bakkegata skal det opparbeidast ein større kvartalsleikeplass/ generasjonsleikeplass. Innanfor planområdet er det i dag ein eldre bustad samt løe og uthus. Dette skal rivast. Planendringa utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing.

Ytterlegare opplysningar om planen kan fåast hjå Sporstøl Arkitekter AS. Naboar, grunneigarar og høyringsinstansar vert varsla direkte. Varslingsdokument er tilgjengeleg for nedlasting på [www.sporstol.no](http://www.sporstol.no) under fane «Aktuelt», og på Ulstein kommune si heimeside.

Innspel til planarbeidet bes sendt skriftleg til plankonsulent:

Sporstøl Arkitekter AS - boks 301 - 6067 Ulsteinvik

E-post: [silje@sporstol.no](mailto:silje@sporstol.no) - Tlf.: 700 18 550

**Frist for innspel er 30.06.2024**

Med helsing

**Silje Skaro**

Sporstøl arkitekter

#### **Vedlegg**

V0 Planinitiativ revidert juni 2024

V1 Planavgrensing datert 05.03.24

V2 Sjekkliste - ROS datert 05.03.24

V3 Gjeldande reguleringsplan

V4 Gjeldande føresegner

V5 Referat frå oppstartsmøte datert 16.04.24

V6 Oversiktskart

V7 Varsla høyringspartar

V8 Multiconsult – støyrapport datert 14.05.24